



Voss herad

KONKURRANSEREGLER

Open tilbodskonkurranse
etter FOA del I og II

for anskaffing av

Totalentreprise Skulestadvegen 78 -
Tilbygg og oppgradering av bustader

Saksnr: 24/3930

Innhold

1	GENERELL SKILDING	3
1.1	OM OPPDRAGSGIVAR	3
1.2	KOMMUNIKASJON MED OPPDRAGSGIVAR	3
1.3	FORMÅLET MED ANSKAFFINGA	3
1.4	OMFANG OG KONTRAKT	4
1.5	ATTERHALD	4
1.6	DELTILBOD	4
1.7	VIKTIGE DATOAR	4
1.8	SYNFARING	4
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	5
2.1	ANSKAFFINGSPROSEDYRE	5
2.2	KRAV TIL ARBEIDS- OG LØNNSVILKÅR	5
2.3	KRAV TIL BRUK AV LÆRLINGAR	5
2.4	AVGRENSING I TALET LEDD I LEVERANDØRKJEDA	5
2.5	KRAV TIL SPRÅK	5
2.6	OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT	5
2.7	VEDSTÅINGSFRIST	5
2.8	OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET OG TILLEGGSOPPLYSNINGAR	6
2.9	PARALLELE TILBOD	6
2.10	ALTERNATIVE TILBOD	6
2.11	AVVIK	6
3	KVALIFIKASJONSKRAV	6
3.1	SKATTEATTEST	6
3.2	LEVERANDØRENS REGISTRERING, AUTORISASJONAR MV	6
3.3	LEVERANDØREN SI ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET	7
3.4	DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN	7
3.5	KVALITETSSIKRINGS- OG MILJØLEIINGSSYSTEM	7
3.6	STØTTE FRÅ ANDRE VERKSEMDER	8
4	TILDELINGSKRITERIUM	8
5	INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING	9
5.1	INNLEVERING AV TILBOD	9
5.2	UTFORMINGA AV TILBODET	9
6	EVALUERING OG AVSLUTNING AV KONKURRANSEN	9
6.1	EVALUERING	9
6.2	AVVISING AV TILBOD	10
6.3	AVLYSING AV KONKURRANSEN	10
6.4	MELDING OM VAL AV LEVERANDØR	10
6.5	KLAGE	10
7	VEDLEGG	10

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivar for anskaffinga er Voss herad.

Voss herad er ein kommune sentralt i Vestland fylke. Kommunen grensar i vest til Vaksdal, i sørvest til Kvam, i aust til Ulvik, og i nord til Aurland og Vik. Voss er hovudsakleg ein innlandskommune og eit trafikknutepunkt, og er med sine 1805 kvadratkilometer ein stor kommune i Vestland.

Anskaffinga er administrert av Odin Prosjekt AS på vegne av oppdragsgivar.

Sjå <https://voss.herad.no/> for ytterlegare informasjon.

1.2 Kommunikasjon med oppdragsgivar

Eventuelle spørsmål skal rettast til oppdragsgivar gjennom kommunikasjonsmodulen i konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell.

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn	Agla Margrét Egilsdóttir
Stilling	ekstern rådgjevar
E-post	agla@odinprosjekt.no

Det skal ikkje vere annan kontakt/kommunikasjon med oppdragsgivar når det gjeld anbodskonkurransen enn gjennom Mercell.

1.3 Formålet med anskaffinga

Skulestadvegen 78 er heildøgns kommunale omsorgsbustader til menneske med nedsett funksjonsevne. Voss herad (oppdragsgivar) planlegg å utvide Skulestadvegen 78 med ein ny personaldel og ei ny bustadeining. Den noverande personaldelen skal gjerast om til ei bustadeining. Utbygginga inneber òg opparbeiding av felles teknisk anlegg, terrengmur og bod mot kommunal veg og ny parkering. Prosjektet er omfatta av ei liste med fleire opsjonar som skal prisast.

Anskaffinga omfattar prosjektering og gjennomføring av ombygging, rehabilitering og nybygg i samsvar med funksjonsskiltringa og vedlagte teikningar. Det er utarbeidd skisseprosjekt og skisseteikningar for bygget av Bruket arkitektur AS, og dette må tilpassast og utviklast vidare av totalentreprenøren i prosjekteringsfasen. Teikningane/forprosjekt er eit utgangspunkt for den vidare detaljerings-, prosjekterings- og byggefasen. Vedlagde teikningar og skiltringar viser korleis byggherren tenkjer seg prosjektet utført. Totalentreprenøren har ansvaret for all vidare prosjektering ut ifrå desse føresetnadane.

Prosjektet omfattar fleire opsjonar, sjå funksjonsskiltringa kap. 8 for meir informasjon. Opsjonar skal prissetjast separat og oppdragsgivar vil utløyse opsjonar så langt det lar seg gjera innanfor budsjettramma.

Overtaking/ferdigstilling skal vera seinast 12 månader etter kontraktsinngåinga. Orienterande framdriftsplan med byggetid skal leggjast ved tilbodet.

Oppdragsgivar si skiltring av leveransen følgjer av Del II Kontraktsgrunnlag med vedlegg.

1.4 Omfang og kontrakt

Det skal inngåast avtale med éin (1) totalentreprenør for gjennomføring av prosjektet. Entreprisen vert utført og regulert av NS 8407:2011 «Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser», med dei suppleringsane og endringane som følger av del 2 Kontraktsgrunnlag med vedlegg.

Kontrakten gjeld frå signering og fram til partane har oppfylt sine forpliktingar etter kontrakten. Overtaking (sluttfrist) er 12 månader frå kontraktsinngåinga

Anskaffinga er vurdert til ein verdi under EØS-terskelverdi for bygg og anlegg etter FOA § 5-3 (1) bokstav c.

Total budsjettert ramme for prosjektet er 15 MNOK ekskl. mva, inkludert byggherrekostnader.

1.5 Atterhald

Kontrakt vert inngått med atterhald om endeleg finansiering, byggesak og politisk godkjenning. Oppdragsgjevar kan avlysa konkurransen dersom tilboda overstig dei økonomiske rammene for prosjektet.

1.6 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.7 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt til kunngjering Doffin	13.09.2024
Tilbodssynfaring	Sjå pkt. 1.8
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	04.10.2024, kl. 12.00
Frist for å levere tilbod	16.10.2024, kl. 12.00
Evaluering og evt. dialog	Veke 42-44
Val av leverandør	Veke 44
Kontraktsinngåing	Veke 45/46
Vedståingsfrist for tilbodet	3 månader frå tilbodsfrist

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

1.8 Synfaring

Det vert gjennomført synfaring ved Skulestadvegen 78, måndag **23. september 2024 kl. 12:00**.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del II. Konkurransen vert gjennomført som ein open tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg og spesielt viss tilboda overstig dei økonomiske rammene for prosjektet (fast budsjetttramme på 15 MNOK ekskl. mva). Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt.

2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

2.3 Krav til bruk av lærlingar

Kontrakten vil innehalde krav om at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet.

2.4 Avgrensing i talet ledd i leverandørkjeda

Det vert i kontrakten stilt krav om at leverandørane kan ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda under seg.

Det vert elles vist til Del 2 Vedlegg B2 Seriositetskrav.

2.5 Krav til språk

All kommunikasjon, munnleg og skriftleg, mellom partane skal gå føre seg på norsk, som kommunikasjon i møter, utveksling av varslar m.m. Leverandøren sitt nøkkelpersonell på byggeplass og i hans administrasjon, som skal kommunisere med byggherren skal beherske norsk godt.

2.6 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentlig anskaffing, gjeld offentleglova. Byggherren og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og forvaltningslova § 13.

2.7 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.7 ovanfor.

2.8 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no og Mercell. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

2.9 Parallele tilbod

I denne konkurransen er det ikkje høve til å levera parallele tilbod.

2.10 Alternative tilbod

Det vil ikkje bli opna for levering av alternative tilbod i konkurransen.

2.11 Avvik

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, vil bli avvist.

Avvik skal angjevast presist og eintydig slik at oppdragsgjevar kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med tilbydaren. Avvik skal på ein klar og eintydig måte referere til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget og/eller kontrakt. For mal for avvik, sjå del I vedlegg 3.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

Kvalifikasjonskrav er minimumskrav som vert stilt til leverandørane. Dokumentasjon på oppfyljing av kvalifikasjonskrava skal sendast inn på førespurnad. Manglande oppfyljing av kvalifikasjonskrava vil medføre avvising frå konkurransen, jf. FOA § 9-5 (1) bokstav a.

3.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift	<ul style="list-style-type: none"> Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd. <p>Skal dokumenterast etter førespurnad.</p>

3.2 Leverandørens registrering, autorisasjonar mv.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> Norske selskap: Firmaattest. Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. <p>Skal dokumenterast etter førespurnad.</p>

3.3 Leverandøren si økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdighet utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"> Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Nøkkeltala i rekneskapen må fremgå saman med ei vurdering av leverandørens betalingserfaring. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. <p>Skal dokumenterast etter førespurnad.</p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna, for eksempel ved ein morselskapsgaranti, bankgaranti, mv.

3.4 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
<p>Erfaring Leverandøren skal ha erfaring frå relevante oppdrag som kan samanliknast.</p> <p>Som liknande og samanliknbare oppdrag vert meint totalentreprise av tilsvarande eller høgare omfang og kompleksitet.</p>	<p>Skildring av leverandøren sine relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Dersom det er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg konkurranse, kan òg dokumentasjon for relevante bygg- og anleggsarbeid som leverandøren har utført for meir enn fem år sidan, bli teken med i betraktning.</p> <p>Skildringa må inkludere opplysningar om:</p> <ol style="list-style-type: none"> Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar Prosjektnamn Kort skildring av leveransen og kva leveransar leverandør stod for Tidspunkt (frå/til) Omfang Entrepriseform <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> <p>Nytt mal for referanseskjema vedlagt som del 1 vedlegg 2.</p> <p>Skal dokumenterast saman med tilbodet.</p>

3.5 Kvalitetssikrings- og miljøleingsystem

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandør skal ha gode rutinar for kvalitetsstyring	Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetsstyring, med vekt på kvalitetssikring,

	<p>ressursstyring, leiingans ansvar og kontinuerleg analyse og forbetring.</p> <p>Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat.</p> <p>Skal dokumenterast etter førespurnad.</p>
Leverandøren skal ha eit etablert miljøleiingssystem	<p>Ei skildring av leverandøren sitt miljøleiingssystem.</p> <p>Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 14001, EMAS, Miljøfyrtårn eller tilsvarende 3. partsverifiserte system vil det vere tilstrekkeleg å leggje fram kopi av gyldig sertifikat.</p> <p>Skal dokumenterast etter førespurnad.</p>

3.6 Støtte frå andre verksemder

Leverandøren kan støtta seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, jf. pkt. 3.3, og tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. pkt. 3.4.

Dersom ein ynskjer støtta seg på kapasiteten til andre verksemder må leverandøren dokumentera at han rår over dei naudsynte ressursane, t.d. ved framlegging av forplikingserklæring frå desse verksemdene. Mal for slik forplikingserklæring er vedlagt i del I vedlegg 5. Forplikingserklæringar skal leverast som del av tilbodet.

Dersom ein støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, krev oppdragsgjevaren at dei er solidarisk ansvarlege for utføring av kontrakten.

4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris/kostnad og kvalitet, basert på kriteria nedanfor:

Tildelingskriterium	Krav til dokumentasjon og innhald:	Vekt
<p>Pris/kostnader</p> <p>Under dette kriteriet vert vurdert:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Total pris for totalentreprisen • Total sum for rekningsarbeid • Opsjonar <p>Evalueringspris kan justerast i evalueringa på bakgrunn av evt. avvik med priskonsekvens og kontrollrekning.</p>	<p>Utfylt del II Kontraktsgrunnlag kap. F.</p>	70 %
<p>Miljø og klima</p> <p>Under dette kriteriet vert det vurdert klimagassutslepp frå materialar for tilbygginga:</p>	<p>Tilbydar skal beskrive sine løysingar/hovudprinsipp for tilbygget i Skulestadvegen 78.</p>	30 %

Tildelingskriterium	Krav til dokumentasjon og innhald:	Vekt
<ul style="list-style-type: none"> Konstuksjonsprinsipp (70 % vektning) betong og armering (30 % vektning) <p>Tilbydarar vert evaluert opp mot løysingane som Voss herad vurderer vil medføra lågast klimagassutslepp.</p> <p>Sjå del 2 vedlegg C.1.</p>	<p>Bruk del 2 vedlegg C.1 - klimagassutslepp frå materialar for tilbygginga, og fyll ut dei to tabellane "val av løysing for tilbygginga".</p>	

5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

5.1 Innlevering av tilbod

Tilbudet skal leverast via Mercell portalen innan tilbodsfristen.

Tilbudsfristen går fram av tabellen under pkt. 1.6. Det er leverandørens ansvar å sende inn tilbudet i tide. For seint innkomne tilbod vil bli avvist.

Er du ikkje brukar hos Mercell, eller har du spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, korleis du skal gi tilbod, ta kontakt med Mercell Support på tlf. 21 01 88 60 eller på e-post til support@mercell.com.

5.2 Utforminga av tilbodet

Tilbudet skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering angir.

Tilbudet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief, jf. mal i del 1 vedlegg 1 Mal tilbodsbrief.
 - Skal inkludera eigenerklæring på oppfylling av kvalifikasjonskrav med eller utan underentreprenør, og evt. namn på underentreprenørar.
 - Referanseskjema, jf. del 1 vedlegg 2.
- Forpliktingserklæring/samarbeidsavtale frå underentreprenør ein støttar seg på for oppfylling av kvalifikasjonskrav, jf. del 1 vedlegg 5 (viss aktuelt)
- Avviksskjema, jf. del 1 vedlegg 3 (viss aktuelt)
- Eigenerklæring teieplikt, jf. del 1 vedlegg 4
- Tildelingskriterium Pris
 - Utfylt versjon av Del 2 Kontraktsgrunnlag, kap. F
- Tildelingskriterium Miljø og klima
 - Utfylt versjon av Del 2 C.1 Klimagassutslepp frå materialar for tilbygginga
- Eventuell annan dokumentasjon

Den leverandøren som vann konkurransen, må levera dokumentasjon for oppfylling av kvalifikasjonskrav på førespurnad.

6 Evaluering og avslutning av konkurransen

6.1 Evaluering

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon.

Evalueringa av *pris* vil gjerast etter følgjande modell for prisevaluering:

Modellforklaring

Lineær Beste pris tildelast 10 poeng.

Beste pris * 2 eller høgare tildelast 0 poeng.

Evaluering av *miljø og klima* vil skje slik at beste tilbud, etter oppdragsgivers innkjøpsfaglege skjønn, vil gis beste score (10). Ørvig tilbud vil tildelast score etter relative avvik frå beste tilbud.

6.2 Avvising av tilbud

Avvisingsreglane i FOA kapittel 9 gjeld. Tilbydarar vert oppmoda om å sette seg inn i desse.

6.3 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivar kan avlyse konkurransen dersom det føreligg sakleg grunn, jf. FOA § 10-4 (1).

6.4 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør er gjort vil alle involverte tilbydarar informerast skriftleg om dette. Melding vil innehalde namn på kven som er tildelt avtale samt ei utgreiing av det valte tilbudets eigenskapar og relative fordelar i samsvar med angjevne tildelingskriteria, jf. FOA § 10-1. Melding vil også angi tidspunkt for utløp av karenperioden.

6.5 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør. Dersom kunden finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med tildelingskriteria kan tildelingsavgjerda annullerast frem til rammeavtale er signert.

7 Vedlegg

Del 1

- Vedlegg 1 Mal tilbodsbrief
- Vedlegg 2 Mal referanseskjema
- Vedlegg 3 Mal avvik
- Vedlegg 4 Mal eigenerklæring teieplikt
- Vedlegg 5 Forpliktingserklæring

Del 2

- Byggeblankett 8407 A (ikkje vedlagt)
- Kontraktsgrunnlag
 - Vedlegg B.2 Seriositetskrav
 - Vedlegg C.1 Klimagassutslepp frå materialar for tilbygginga
 - Vedlegg C.2 Funksjonsbeskrivelse
 - Vedlegg C.2.1 Spredenett i Voss herad V23_01-skulestadvegen78
 - Vedlegg C.2.2 Krav til automasjon og SD-anlegg
 - Vedlegg C.2.3 Bim-manual
 - Vedlegg C.3 Tegninger og rapporter (zip.fil)
 - Vedlegg D.1 Rammetillatelse - Delvis løyve til dispensasjon
 - Vedlegg D.3 SHA-plan